

REFERAT FRÅ STYREMØTE I HORDALAND SOGELAG

Stad: Bergenhus festningsmuseum

Tid: Torsdag 16. juni kl.12 – 15.30

Til stades: Anne Liv Soldal, Mikal Heldal, John Einarsen, Knut Farestveit, Sigmund Simmenes og Ågot Gammersvik.

SAKLISTE

Sak 1 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Vedtak: Godkjend

Sal 2: Godkjenning av informasjon om rollefordelinga gjort på sist styremøte

Vedtak: Godkjend referat frå konstituerande styremøte i Eidfjord 27.03.2022.

Sak 3: Gjennomgang av Handlingsplan for Hordaland sogelag 2019 – 2023

1. 4-5 styremøte for året

Vi har no hatt to styremøte. Det er ynskjeleg at dei neste styremøta vert i samband med kontakt med lokallaga, som styremøte i samband med møte Osterøy. I tillegg tek styreleiar kontakt med Laksevåg historielag med sikte på å få eit møte der.

2. Årsmøte og lokalhistoriske dagar i mars-april

Dette er i år gjennomført i Eidfjord 25-27. mars. Neste år er det tillyst samarbeid med Askøy historielag om dette arrangementet. Ågot Gammersvik følgjer opp for å få avklart dato og arrangement.

3. 2 kursdagar i året for medlemmene i laget

Fotokurs: Styreleiar tar kontakt med Vestland fylke med sikte på å arrangera kurs i fotoregistrering. Kurs bør i år arrangerast i november, frå fredag til laurdag. Kostnadane kan delast med reisekostnader dekkja av lokallaget, medan utgifter til kurs vert dekkja av Hordaland sogelag.

4. Ein studietur for medlemmene kvart år

Studietur 2022: I år går turen til Osterøy, og Mikal Heldal står for organisering og tilrettelegging av program i samarbeid med lokallaget ved Geir Kleiveland. Studietur over to dagar med overnatting på Fjordslottet. Tidspunkt vert sett til oktober.

Studietur 2023: Den utsette turen til Isle of Man vert freista gjennomført neste år. Ansvarleg for opplegg vert Knut Farestveit og Sigmund Simmenes.

5. Utsendingar til landsmøte som er annakvart år

Vert følgt opp.

6. Senda helsingbrev til lokallaga på heimesida før jol

Det vert sendt helsingbrev til jol, men er truleg for lite kontakt med dei lokale laga.

Sjølv om informasjon vert lagt ut på vår nettside, vert denne lite nytta.

Hordaland sogelag har også facebookside, men vert for lite nytta.

Styret vil drøfta ein utvida plan for å betra kommunikasjon.

7. Nettmøte for styret når det høver

Det vart vedteke å nytta TEAMS, som fleire har erfaring med.

8. Ha god kontakt med landslaget

Styreleiar held kontakt. Det vert meldt inn nytt styre, aktivitetar mv.

9. Arbeida aktivt for å få fleire lokallag til å melda seg inn i fylkeslaget

Det er viktig for styret å leggja til rette for verving av nye lag og medlemmer, og styrkja kontakten ved å halda styremøte hjå dei ulike laga.

Kommunikasjon med dei ulike lokallaga i vår region treng å betrast, og dette må vi vurdera å gjera gjennom kurs og felles møtestader.

Sak 4: Gjennomgang av Hordaland sogelag sine vedtekter

Ved gjennomgang av vedtektene viser det seg ein del feil og uheldige formuleringar som bør rettast opp,

Vedtak: Styremedlemmene går gjennom vedtektene, og saka vert lagt fram på neste styremøte som eiga sak. Om nødvendig vil styret setja ned ein komité som kjem med framlegg til styret, og at det vert utforma eit framlegg til neste årsmøte.

Sak 5: Referat frå Regionleiarssamling på Gardermoen 7. mai 2022

Mikal Heldal orienterte frå samlinga av regionleiarar på Gardermoen tidlegare i år. Han kunne melda om ein del uro og murring om arbeidet i Landslaget for historie. Det vart lagt fram to tilbakemeldingar frå Rogaland historielag, som peika på formål med samlinga og betre førebuing til Regionaleiarssamlingar. Laget var særleg uroa over internasjonale utlysingar til stillingar ved Universiteta. Siste professor i lokalhistorie går no ut.

Sverre Folkestad er vår representant i Landslaget sitt styre (felles repres. for Rogaland, Hordaland og Sogn- og fjordane).

Vedtak: Styret slutta seg til oppmodingane frå Rogaland historielag, og styreleiar Anne Liv Soldal tar saka vidare med styret i LLH.

Sak 6: Eventuelt

A. Arbeid med arkiv i Vaksdal kommune

Sigmund Simmenes orienterte om arbeidet med arkiv i Vaksdal kommune, og at både kommunale arkiv og lagsarkiv no er avlevert og lagt inn under fylkesarkivet. Det er eit godt og funksjonelt system som ikkje hindrar bruk av arkiv eller foto. Kan anbefalast også for andre lag og organisasjonar, då arkiv elles ofte står i fare for å verta makulerte eller bli borte.

Vedtak: Saka vart tatt til orientering.

B. Reisekostnader for styre

Vedtak: Det vert fastsett at vi nyttar kr. 3,50 pr. km for styremedlemmer.

C. Innmelding- og utmeldingar av Hordaland sogelag

Både Granvin- og Ulvik sogelag har meldt seg inn i Hordaland sogelag, og truleg kjem Eidfjord også med.

John Einarsen orienterte om at Fana Historielag og Lindås historielag har meldt seg ut av Hordaland sogelag, og melding vart send han som kasserar.

Vedtak: Saka vart tatt til orientering. Styreleiaren Anne Liv Soldal tar kontakt med leiaren i Historielaget på Lindås og i Fana.